

ÅRSMELDING KEIPEN TURLAG 2009.

Styret har i 2009 vore samansett slik:

Leiar : Ottar Dahl

Nestleiar: Gisle Skjølberg

Sekreter: Nils Tore Hesjedal (reiste frå bygda i mai)

Kasserar: Bjørg D. Lofnes

Styremedlem: Reidun Isene Solvang

Styremedlem: Tor Erik Liset

Vara til styre: Kirsten Grotle

Revisor: Margrete Ullebø

Vi har gjennomført årsmøte og eitt styremøte.

Keipen Turlag har 87 medlemmar.

Aktivitetar:

Har rydda ca 45 km turstiar

Har malt/friska opp mange T-ar i fleire av løypene.

Gjennomført dugnadsarbeid på (malt og beisa) Moldahytta.

Har lagt ned eit stort arbeid med turkartet som kom ut i år. Kartet skal ”erstatte ” Ålfotbreen og er i målestokk 1:50000. Her har Keipen Turlag hatt fleire medlemmar med i planarbeidet som har vore leda av Bremanger Hamn og Næring KF.

Keipen Turlag har hatt turorientering i Svelgenområde der 30 personar har funne alle postane.

Har gjennomført fellestur til Fuglesteg i Luster.

Har gjennomført søndagstur (ski) til Keipen. (1.mai)

Gjennomført tur til Hornelen (2), Vetvika, Myklebustsetra- Davik.

Har hatt OPE HUS på Knekkevasshytta og Moldahytta. På Moldahytta hadde vi 83 besøkande på ein dag.

Den mest spesielle turen vi gjennomførte gjekk til ei gamal seterbu frå 1883 som ligg på Indrehus i Midtgulen. Dette var eit arrangement i høve Kulturminneåret. Her var Reidun Indrehus ein dyktig guide og fortalde om livet i gamle dagar.

Bøkene som har vlege ute på ulike turstiar/punkt har tilsaman hatt ca. 17118 besøk.

Ein person er registrert med 316 besøk.

Leiar har også hatt ein tur på Hardangervidda i regi av D.N.T.

Resumè i frå opplest årsmelding på årsmøte

16.11.09

Ottar Dahl

Leiar